

RAPPORTERING AV GODTGJERSLE TIL LEIANDE PERSONALE 2025



Sogn
SPAREBANK

Innhold

Bakgrunn og føremål	2
Samandrag av viktige tilhøve.....	2
Generalforsamlinga	3
Leiande stillingar og styret	3
Lønnskostnadsutvikling i banken	4
Lønsutvikling i Sogn Sparebank	4

BAKGRUNN OG FØREMÅL

I samsvar med forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjersle for leiande personar, som trådde i kraft 01. januar 2021, utarbeidar banken ein årleg godtgjerslerapport. Jf. forskrifta § 6 inneheld rapporten oversikt over godtgjersle utbetalt til leiande tilsette og styret. Tabellane i rapporten syner samla godtgjersle siste år og utvikling siste 5 år, både i fast og variabel godtgjersle samt naturalytingar.

Banken har også retningslinjer for godtgjersle til leiande personar i samsvar med forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjersle for leiande personar § 4. Desse blir vedteke av banken sitt styre.

Kva som skal definerast som godtgjersle går fram av forskrifta § 2 (1) og er alle dei fordeler ein person mottok i kraft si rolle som leiande person i banken.

SAMANDRAG AV VIKTIGE TILHØVE

Leiande tilsette i Sogn Sparebank mottok fast grunnlønn og pensjon etter same modell og retningslinjer som alle andre tilsette. Banken har ingen bonusordningar.

Banken har ingen avvik frå retningslinjene for godtgjersle i 2025. Retningslinjene er tilgjengelege på banken si heimeside www.sognbank.no.

Retningslinjer for godtgjersle og rapport av godtgjersle til leiande personale for 2024 vart handsama av generalforsamlinga i møte den 09.04.2025, i sakene 11.2025 og 12.2025.

Rapporten er revidert og stadfesting frå revisor ligg vedlagt.
Generalforsamlinga skal halde rådgjevande avstemming over denne rapporten i sitt møte den 15. april 2026.

Styret i Sogn Sparebank
19.03.2026

Atle Terum (s.)
Styreleiar

Sindre Wergeland (s.)

Olav Vikøren (s.)

Marit Eldegard (s.)

Tone Kristin Myklebust Kvåle (s.)

Marianne Sundal (s.)
Tilsetterepresentant

Mads Arnfin Indrehus (s.)
Adm. Banksjef

GENERALFORSAMLINGA

Leiar i banken si generalforsamling, Roy Egil Stadheim er godtgjort med NOK 15 750,-
Medlemar av generalforsamlinga er godtgjort med NOK 1 764,- pr. møte.
Medlemar av generalforsamlinga har ingen andre fordelar eller godtgjersler i Sogn Sparebank.

Leiaren i valnemnda er godtgjort med NOK 3 528,- pr. møte.
Medlemar i valnemndene har same godtgjersle pr. møte som medlemane i generalforsamlinga.

LEIANDE STILLINGAR OG STYRET

Styret har fastsett løn til adm. banksjef ved årleg gjennomgang. Resten av leiargruppa har adm. banksjef vurdert og regulert jf. gjeldande instruks. Alle reguleringar er innanfor rammene av generell lønsauke i bransjen. Alle tilsette i Sogn Sparebank har same vilkår for lån og forsikring. Sogn Sparebank har ikkje resultatbasert lønn, berre fastlønsavtalar.

Styremedlemar får eit fast honorar pr. år, samt godtgjersle etter faste satsar for ekstraarbeid utover fastsette møter. Honorar er vedteke av generalforsamlinga. Styremedlemar har ikkje andre former for fordelar.

Oversikt over leiande tilsette og styret si godtgjersle i 2025, inkludert revisjons- og risikoutvalet går fram av tabell 1. Lønsutvikling for leiande tilsette siste 5 år går fram av tabell 2.

Tabell 1: Oversikt leiande tilsette og styre

Namn	Tittel	Fast godtgjersle	Timearbeid	Natural ytingar	Total godtgjersle	Pensjonspremie	Total godtgjersle inkl. pensjon	Fast godtgjersle i %	Øvrig godtgjersle i %
Mads A. Indrehus	Adm. banksjef	2.068	0	301	2.369	226	2.595	80 %	20 %
Gunnar Skahjem	Ass. Banksjef	1.477	0	21	1.499	176	1.675	88 %	12 %
Ingeborg Indrelid	Leiar Stab	1.113	56	58	1.227	97	1.324	84 %	16 %
Ragnhild Skahjem Tofastrud	Leiar Kommunikasjon/kundeopplevingar	1.039	42	44	1.125	83	1.208	86 %	14 %
Audun Moen	Leiar kunderetta	85	0	0	85	8	93	92 %	8 %
Alexander E. Dvergsdal	Leiar PM/BM	942	0	20	961	49	1.010	93 %	7 %
Atle Terum	Styreleiar	156	0	0	156	0	156	100 %	0 %
Sindre Wergeland	Nestleiar Styret/medlem RRU	156	60	0	216	0	216	72 %	28 %
Olav Vikøren	Styremedlem/leiar RRU	146	6	0	152	0	152	96 %	4 %
Marit R. Eldegard	Styremedlem	96	6	0	102	0	102	94 %	6 %
Tone Kristin Myklebust Kvåle	Styremedlem	44	6	0	50	0	50	88 %	12 %
Marianne Sundal	Styremedlem (tilsettere representant)	96	6	0	102	0	102	94 %	6 %

* tal i tusen kroner

Timearbeid for styremedlem: styresamling og evt. ekstraarbeid

Tabell 2: Utvikling godtgjersle til leiande tilsette

Namn	Stilling	Total lønn									
		2021	Auke i %	2022	Auke i %	2023	Auke i %	2024	Auke i %	2025	Auke i %
Mads A. Indrehus	Adm. banksjef	2.168	1,10 %	2.284	5,40 %	2.286	0,10 %	2.552	10,40 %	2.595	1,67 %
Gunnar Skahjem	Ass. Banksjef	1.617	14,40 %	1.490	-7,90 %	1.515	1,70 %	1.797	15,67 %	1.675	-7,30 %
Ingeborg Indrelid	Leiar Stab	1.166	26,80 %	1.174	0,70 %	1.192	1,50 %	1.213	1,73 %	1.324	8,37 %
Ragnhild Skahjem Tofastrud	Leiar Kommunikasjon og kundeoppleving f.o.m 01.06.2020	953	122,40 %	1.022	7,30 %	1.095	7,10 %	1.084	-1,08 %	1.208	10,31 %
Audun Moen	Leiar kunderetta frå 01.12.2025									93	
Aleksander Dvergsdal	Leiar PM /BM f.o.m 01.12.2022 t.o.m 30.06.2025			89		1.069	1103,90 %	1.225	12,71 %	1.010	-21,27 %
Blørn Moheim	Leiar BM t.o.m. 31.12.2022	1.151	13,00 %	1.149	-0,10 %						
Magne Klepp	Leiar PM t.o.m. 31.01.2023	1.003	4,20 %	996	-0,60 %	203	-79,60 %				
		8.057	17,00 %	8.204	1,80 %	7.361	-10,30 %	7.871	6,48 %	7.906	0,44 %

* tal i tusen kroner

Sogn Sparebank sine leiarlønningar er i samsvar med banken sine retningslinjer og det er ikkje noko som går imot andre forskrifter.

Nedgangen i lønn for ass. banksjef i 2022 skuldast etterbetaling for fungeringstillegg frå 2020 utbetalt i 2021. Største delen av oppgangen i lønn for ass. banksjef frå 2023 til 2024 er etterbetaling av pensjonskompensasjon som ikkje har vore justert i samsvar med avtale, som også er årsak til reduksjon i 2025.

Banken har ingen opsjonar eller teikningsrettar for leiande tilsette. Skal tilsette kjøpe banken sine EK-bevis, skjer det i form av normal handel på Oslo Børs.

Lån til tilsette med rentefordel er inkludert i naturalytingar. Alle tilsette i Sogn Sparebank har same vilkår og rammer for lån. Forsikringsordningar og mobilabonement inngår også i naturalytingar.

Sogn Sparebank hadde ikkje resultatbaserte godtgjersle eller bonusordningar i 2025.

LØNSKOSTNADSUTVIKLING I BANKEN

Tabell 3: Utvikling i løn- og personalkostnader og resultat - tal i tusen kroner

ÅR	2021	2022	2023	2024	2025
Total lønn og andre personalkostnader	41.828	37.978	42.695	47.486	50.239
Resultat av ordinær drift etter skatt	52.264	67.293	85.176	103.758	113.067

* tal i tusen kroner

LØNSUTVIKLING I SOGN SPAREBANK

Tabell 4: Lønsutvikling siste 5 år

ÅR	2021	2022	2023	2024	2025
Lønn til leiinga*	8.057	8.204	7.361	7.871	7.905
Lønn øvrige tilsette*	19.448	20.249	25.529	29.342	32.083
Totalt fast tilsette årsverk	38	36	38,2	41,1	43,2
Årsverk leiarar	6	6	5	5	4,6
Snitt lønn pr. øvrige tilsette*	608	675	769	813	831

Inkludert i lønn: fast lønn, overtid, naturalytingar, pensjonspremie.

* tal i tusen kroner

Til generalforsamlinga i Sogn Sparebank

Uavhengig revisor si attestasjonsuttale om rapport om lønn og anna godtgjersle til leiande personar

Konklusjon

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag for å oppnå tryggleik for at Sogn Sparebank sin rapport «Rapportering av godtgjersle til leiande personale» (lønnsrapporten) for rekneskapsåret som vart avslutta 31. desember 2025, er i samsvar med allmennaksjelova § 6-16b og tilhøyrande forskrift.

Etter vår meining er lønnsrapporten i det alt vesentlege utarbeidd i samsvar med allmennaksjelova § 6-16b og tilhøyrande forskrift.

Styret sitt ansvar

Styret er ansvarleg for utarbeidinga av lønnsrapporten og for at han inneheld dei opplysningane som krevst etter allmennaksjelova § 6-16b og tilhøyrande forskrift. Styret har òg ansvar for slik intern kontroll som det finn naudsynt for å utarbeide ein lønnsrapport som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av mislegheter eller feil.

Vår uavhengigheit og kvalitetsstyring

Vi er uavhengige av selskapet slik det krevst i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengigheitsstandardar) utgjeve av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har overhaldt våre øvrige etiske plikter i samsvar med desse krava. Vi nyttar internasjonal standard for kvalitetsstyring (ISQM) 1 «Kvalitetsstyring for revisjonsføretak som utfører revisjon eller forenkla revisorkontroll av rekneskapar, eller andre attestasjonsoppdrag og nærskyldte tenester», og opprettheld eit omfattande system for kvalitetskontroll inkludert dokumenterte retningslinjer og prosedyrar når det gjeld etterleving av etiske krav, faglege standardar og gjeldande lovmessige og regulatoriske krav.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om lønnsrapporten inneheld dei opplysningane som krevst etter allmennaksjelova § 6-16b og tilhøyrande forskrift, og at opplysningane i lønnsrapporten ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har utført vårt arbeid i samsvar med internasjonal attestasjonsstandard (ISAE) 3000 – «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon».

Vi har gjort oss kjende med retningslinjene om fastsetjing av lønn og godtgjersle til leiande personar som er godkjende av generalforsamlinga. Våre handlingar omfatta opparbeiding av ei forståing av den interne kontrollen som er relevant for utarbeiding av lønnsrapporten for å utforme kontrollhandlingar som er føremålstenlege etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Vidare utførte vi kontrollar av fullstenda og nøyaktigheita av opplysningane i lønnsrapporten, medrekna om han inneheld dei opplysningane som krevst etter lov og tilhøyrande forskrift. Vi meiner at innhenta bevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Bergen, 19. mars 2026

PricewaterhouseCoopers AS

Marius Kaland Olsen
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Securely signed with Brevio

This document is electronically signed and sealed with Brevio under **eIDAS**, valid in all EU states. Signatures comply with **eIDAS** and **PAdES** standards.

The identities of the signers are listed below:

2026-03-19 14:45:46 UTC+01:00

Marius Kaland Olsen

 **bankID**

NO BankID - 39200080-93f3-4188-98ce-27a2f7fb8251



This document package contains:

- The original document
- Closing page (this page)



Electronic signatures are not visible but digitally integrated.